
Vår referanse 2020/44179-8
Dato 14.04.2020

Hege Stokken
Leknesvegen 157 A
5915 Hjelmås

Førehandstilsegn - avkøyrsløse - Fv. 5452 - Gnr 195 bnr 165 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om endra bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Fv 5452 for bruksendring frå fritidsbustad til bustad, gnr. 195 bnr. 165 i Alver.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til endra eller utvida bruk av avkøyrsløse frå Fv 5452 til bustad på gnr. 195 bnr. 165 Alver kommune på visse vilkår.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsløse skal utformast i tråd med vedlagd prinsippsskisse, datert 03.04.2020. Krava er mellom anna:
 - a. Siktkrav er 3 x 30 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikthinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
 - b. Svingradius skal vere 4 m i høgre retning ut mot Fv 5452.
2. Løyvet gjeld avkøyrsløse til bustad.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigeiendommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigeiendomsforhold og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisisiktsone og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Så snart avkøyrsløse er ferdig bygd, må det sendast oss ei melding om at avkøyrsløse er opparbeid i samsvar med krava. Avkøyrsløse skal vere godkjend av Vestland fylkeskommune før **nye** byggearbeid blir sett i gang.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsløsen har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsløse til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsløse kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. Arbeidsvarsling skal handsamast av Statens vegvesen. Graveløyve vert handsama av Vestland fylkeskommune. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fv 5452 har fartsgrense 40 km/t og ei trafikkmengd på om lag 1000 køyretøy per døger. Dette er bestemmende for dei tekniske krava som vert stilt.

Ifølgje *Rammeplan for avkøyrsløse og byggegrense* fell vegen inn i haldningsklasse blå - «mindre streng haldning». Dette gjev oss anledning til å gi løyve til endra bruk av avkøyrsla dersom denne vert utforma i samsvar med gjeldande tekniske krav.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prinsippskisse
- 2 Situasjonsplan